



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5007 - 20/32681

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.06.2020

Oversender søknad om frådeling av ny grunneigedom med eksisterande bustad til uttale - gbnr 438/11 Helland

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 438/11

Adresse:

Tiltakshavar:

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom med eksisterande bustad med adresse Hellandsvegen 205, på gbnr 438/11 Helland. Det er den eldste bustaden på garden som skal delast frå. Den nye parsellen har eit areal på ca 530 m². Det er dotter til heimelshavar som skal overta eigedomen. Ho bur i bustaden i dag.

Tiltaket er nabovarsla. Vestland fylkeskommune har uttalt at søknad om dispensasjon skal sendast på uttale til dei og at dei skal delta på oppmålingsforretning dersom løyve til frådeling vert gitt for å påvisa grenser langs fylkesvegen.

Minste avstand mellom bustad og privat veg er ca 0 meter, minste avstand mellom bustad og kommunal veg/fylkesveg kan sjå ut til å vera i underkant av 4 meter.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Radøy 2011 – 2023 delrevisjon 2019 er avsett til landbruk, natur, friluftsliv og eksisterande spreidd busetnad (LNF-SBE). I desse områda kan det ikkje opprettast nye eigedomar eller førast opp nye bustadar, jf. føresegn 3.4.2.

Det er søkt om dispensasjon.

Kart

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Veglova

Eigedomen grensar inn til vegkryss mellom fylkesveg 5488 Hellandsvegen og fylkesveg 5090 Sætrevegen og kommuneveg 6075 Hellandsneset. Grensene i kartet er fiktive.

Eigedomen har avkøyrsløse frå fylkesveg via privat veg. Det vert lagt til grunn at bustaden har godkjend avkøyringsløyve.

Jordlov

Tiltaket vert send over til landbruksavdelinga for vurdering etter jordlov i eige skriv.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 438/11 Helland
Kart
Søknad om dispensasjon
Tilleggsopplysningar i sak - gbnr 438/11 Helland
Oversiktskart delingssøknad gbnr 438-11

Kopi til:

Dagny Marie Helland	Hellandsvegen 207	5936	MANGER
Harry Helland	Hellandsvegen 207	5936	MANGER

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN